



## SAKSPAPIR

| Styre, komite, utval | Møtedato   | Saknr  |
|----------------------|------------|--------|
| Giske formannskap    | 26.02.2018 | 014/18 |

### Kommunedelplan for naturmangfald - 1. gongs offentlig ettersyn 2018

#### Innstilling:

Med heimel i Plan- og bygningslova §§11-14 og i samsvar med lovens §§4-2 og 5-2 sendes planforslag til kommunedelplan for naturmangfald på høyring og vert lagt ut til offentlig ettersyn. Høyringsfrist er 6 veker frå 28.2.2018.

#### 26.02.2018 Giske formannskap

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

#### F- 014/18 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 11-14 og i samsvar med lova §§ 4-2 og 5-2, vert planforslaget til kommunedelplan for naturmangfald sendt på høyring og vert lagt ut til offentlig ettersyn. Høyringsfrist er 6 veker frå 28.2.2018.

#### Vedlegg:

Fauna

Flora

Kart

Svarteliste

kdpnaturmangfald051217

Omsynssoner

### **Saksutgreiing:**

Utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald er del av eit nasjonalt pilotprosjekt finansiert av Miljødirektoratet. Giske kommune er vald som éin av ti pilotkommunar for å testa bruk av kommunedelplanen som verkemiddel for å forvalta naturmangfaldet i kommunen. Planarbeidet skal vera ferdig innan utgangen av 2018. Planforslaget er utarbeidd for å oppfylle mandatet til prosjektet og tidsfristar.

Bakgrunnen for prosjektet er St. Meld. 14 (2015 -2016) Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfald, der det står fylgjande:

*«Regjeringen ønsker å legge til rette for at kommunene kan øke sin kompetanse om naturmangfald. Regjeringen foreslår at dette skal skje gjennom et godt kunnskapsgrunnlag og økt veiledning, og gjennom et pilotprosjekt om kommunedelplaner for naturmangfold. I dette pilotprosjektet vil det bli lagt vekt på de verdiene som naturmangfoldet representerer i nasjonal, regional og lokal sammenheng».*

Planen består av eit plandokument med skildring av prosjektet og eit digitalt kartlag. Kartets «bruksanvisningen» er vedlegget «Omsynssoner». I tillegg er det fleire vedlegg med informasjon om raude- og svartelista artar, samt illustrasjonskart for å supplere informasjonen i planen. Det er til saman 25 område på land og 25 i sjøen identifisert i planen. Problemstillingar for dei ulike områda viser store variasjonar. Ein viktig del i framtidig kommunalt arbeid vil vera å ha god nok kunnskap og kompetanse til å forvalte og sikre desse områda for framtida.

### **Prosess og offentlig ettersyn**

Planprogrammet vart varlsa 31.05.2017, med frist for uttale innan 05.08.2017. Planprogrammet vart varsla i avisene Sunnmørsposten og Øyeblikk, og vart lagt på kommunens heimeside for publikum.

Det vart halde folkemøte på fylgjande datoer og stader:

06.06.2017          Godøy skule

08.06.2017          Giske skule

13.06.2017          Vigra skule

### **Heimelsgrunnlaget**

Plan- og bygningslova §§4, 5 og 11

### **Økonomiske konsekvensar:**

Sjølv kommunedelplanen medfører ikkje kostnader. Framtidig utarbeiding og implementering av tiltak tilrådd i planen vil føra til diverse kostnader avhengig av omfanget til tiltaket. Det er viktig å nemne at dersom kommunedelplanen får ynskt virking

i form av meir effektiv sakshandsaming og bruk av berekraftig løysningar, vil tilsvarande endringar i prossessane vera økonomisk positive for kommunen.

### **Andre konsekvensar**

Kommunedelplan for naturmangfald vil ikkje vera juridisk bindande for arealbruk, men den vil gje eit styrkt grunnlag for både politikarar og administrasjonen om korleis naturmangfaldet bør ivaretakast. Kommunedelplanen vil vera eit viktig verktøy for berekraftig bruk av naturressursar og framtidig utvikling. I tillegg vil den være eit steg på vegen til ei forvaltningstilnærming som har hovudfokus på dei store linjene og samanhengar, framfor enkeltartar og naturtypar.

Kommunedelplanen kan forståast som ein "fagutgreiing/temaplan som gjev innspill til framtidig rullering av kommuneplanen sin arealdel. Her kan fagutgreiingen/temaplanen naturmangfold med tilhøyrande temakart gje innspill til om ein skal ta i bruk arealføremål og omsynssoner for å ivareta naturmangfaldinteresser i arealplanen.

### **Vurdering:**

Arbeidet med utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald vart sett i gang etter vedtak av planprogrammet i kommunestyret 28.09.2017. Høyringsuttaler til planprogrammet er ivaretatt i planen.

Intensjonen med planarbeidet i starten var å få samla den informasjonen som finst om naturmangfaldet i kommunen. Etterkvart er planen utvida for også å inkludera ikkje-kartlagde område av forvaltningsinteresse og tilrådde tiltak for å sikra ein god naturforvaltningsprosess framover. I tillegg er det laga ei bildesamling av viktige artar (både raud- og svartelista) for å gjera materialet enklare å forstå for publikum. Arbeidet har hovudsakleg vore å samle inn av eksisterande informasjon om naturmangfaldet i kommunen, med assistanse frå landbrukskontoret, planforumet, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og lokalbefolkningen. Feltarbeidet vart utført i samarbeid med innleidd konsulent.

Plandokumenta består av ei planskildding og eit plankart. Planen er ikkje juridiske bindande. Planskilddinga synleggjer kommunes målsettingar og strategiar for ivaretaking av naturmangfaldet og gir retningslinjer for framtidig sakshandsaming. Planskilddinga inkluderer òg ein handlingsdel som syner korleis det bør jobbast med naturmangfaldet framover. I staden for eit statisk plankart vert det utarbeidd eit temakart som skal leggjast til grunn for sakshandsaming i kommunen. Temakartet som leggjast inn i kommunens kartløyising, skal vera lett tilgjengeleg for sakshandsamar og allmennheit. Temakartet supplerar informasjonen i plandokumenta og gjev eit samla oversyn og ei heilhetlig framstilling av naturmangfaldet i Giske.

Planen tar for seg naturområda som er viktige for det lokale samfunnet med utgangspunkt i allereie registrerte verdifulle naturtypar og truga og sårbare artar. Det vert òg lagd vekt på å avdekka behov for meir kunnskap og eventuelt kartlegging for områda med særskilte behov. Medvirkning frå lokalmiljøet har våre viktig for å samle kunnskap om områda som ikkje vert kartlagt frå før. Det er viktig å nemne at i tråd med oppdraget frå Miljødirektoratet er det ikkje utført nye kartlegginger eller registreringar i løpet av

planprossessen.

Rådmannen råder til at planen vert lagt ut på offentlig ettersyn i samsvar med Plan- og bygningslova krav til høyring.